


Årsmelding 2019

for

Bykle og Fjellgardane kyrkjelyd



ÅRSMØTE SUNDAG

15. MARS KL 17.00

1

FJELLGARDANE KYRKJE

Årsmøtet er ein stad der du kan ta opp det du er oppteken av i kyrkjelyden.
Det er eit informasjons- og diskusjonsmøte, det er ikkje godkjenning av saker / val.

Alle hjarteleg velkomne

Bykle sokneråd – Årsmelding 2019

Innhald:

1. Organisering av kyrkja	side	2
2. Tilsette og personalansvar	side	4
3. Kyrkjelydsarbeid	side	5
4. Kyrkjer	side	8
5. Kyrkjegardar	side	9
6. Økonomi	side	10
7. Planar for 2020 og framover	side	10
8. Takk	side	11

Vedlegg:

Melding frå soknepresten	side	12
Melding frå organist Henrik West	side	13
Melding frå prostidiakonen i Otredal	side	14
Melding frå Bykle barnekor	side	16
Melding Fjellgardane sundagsskule	side	17

1. Organisering av kyrkja

Bykle sokn er eiga juridisk eining med soknerådet som øvste organ. 31.desember 2019 var det 697 medlemmar i Bykle sokn, i følgje medlemsregisteret til Den norske kirke. I 2016 var 72 % av innbyggjarane i kommunen medlem av Den norske kirke og 7,8 % var medlem i andre trus- og livssynssamfunn iflg tall frå SSB.

Soknerådet bestod i 2019 av seks valde medlem og soknepresten. I tillegg møtte 1.vara fast. Kommunen sin representant er til stades for å vere bindeledd mellom soknerådet og kommunen, og har røysterett når soknerådet handsamar saker av fellesrådskarakter (økonomi, bygningar, kyrkjegard, personale). Kyrkjeverja er sakshandsamar og sekretær for soknerådet, med tale- og forslagsrett. Kyrkjeverja har det administrative ansvaret for den daglege drifta, og utfører arbeidet saman med andre kyrkjeleg tilsette og friviljuge.

Medlemer i soknerådet 14.09.2015 - 2019

Else Gyro Rysstad (leiar frå 1.11.15)
Signe Lillemo Mundal (nestleiar frå 1.11.15)
Bernt Einar Berntsen
Kjell Hagestad
Berit Follerås
Brigitte Haugen
Prost/fungerande sokneprest Gunnar Ellingsen – Jan. – juli 2019
Sokneprest Kristine Borgen frå august 2019
Knut Inge Repstad (varamedlem)
Ryszard Gosciniak (varamedlem)
Kari Hovden Hoslemo (kommunestyrrerrepresentant, AP)
Thoralf Hildebrandt (kommunestyrrerrepresentant, KrF)

Kyrkjeverja har vore sekretær

Handsama saker i sokneråd:

År	20 19	20 18	20 17	20 16	20 15	20 14	20 13	20 12	20 11	20 10	20 09	20 08	20 07	20 06	20 05	20 04	20 03	20 02
Handsama saker	57	58	28	33	38	33	26	37	61	51	45	34	43	54	47	46	48	43

Utval og nemnder:

- **Arbeidsutval:** Soknepresten, kyrkjeverja, leiar og nestleiar av soknerådet. AU førebur soknerådsmøta og avgjer mindre saker. AU har oftast møte i forkant av soknerådsmøta.
- **Soknerådsarbeid**
 - Trusopplæringutval: Rønnaug Torvik, Ragnhild Hoslemo og Brigitte Haugen.
Kyrkjeverja har vore sekretær. Sokneprest møter ved førespurnad.
 - Diakoniutval: Elin Dypdal, Aud Skagestad, Signe Lillemo Mundal og Bernt Berntsen.
 - Misjonsutval: Kjell Hagestad, Ole Morten Egeland og Laila Rysstad
 - Bibelkontakt: Else Gyro Rysstad og Knut Rysstad
 - Kirkens Nødhjelp-kontakt: Signe Lillemo Mundal
 - Representant i styre Bykle og Fjellgardane barnekor: Else Gyro Rysstad
- **Fellesrådsarbeid**
 - Utval for monument minnelund Bykle kyrkjegard
To medlemer oppnemnd av soknerådet: Ingrid L. Berntsen og Magnhild Bjørnarå.
Kyrkjeverja deltek i arbeidet.

Dessutan er det sett ned ein komite som arbeidar med kyrkejubileet – gamlekyrkja fyller 400 år i 2020. Else Gyro Rysstad som leiar arbeidet med dette.

I september blei det valt nytt sokneråd som overtok styringa 1. desember. Soknerådet består nå av Signe Lillemo Mundal, Kristian Dypdal, Bernt Einar Berntsen, Aud Hanna Standal

Skagestad, Marianne Breivegen, Anne Margrete Malme Bjåen. Varamedlemmar er Kjell Hagestad, Kari Herdis Heim-Pedersen, Kjell Dahl, Ole Morten Egeland og Jette Lykke Michalsen. Kommunestyret har oppnemnt Lars Erik Domaas som sin representant.

2. Tilsette og personalansvar

Kyrkjeleg fellesråd hadde i 2019 direkte arbeidsgjevaransvar for 1,16 årsverk fordelt på 3 tilsette:

Kyrkjeverje: Tor Hallvard Mosdøl, 60 % og kyrkjelydsarbeidar 40 %. Han har i 2019 vore sjukemeldt mesteparten av tida. Truls Erik Thonhaugen, som tidlegare har vore kyrkjeverje i Bykle har vikariert i stillinga.

Klokkar/kyrkjetenar: I Bykle er stillinga på 12%. Stillinga inneberer ansvar for gudstenestar i Bykle. I tillegg konsertar, kyrkjelege handlingar og andre arrangement i alle tre kyrkjer. Thor Bernhard Sagland har hatt denne stillinga og har dessutan hatt ansvar for alt som ikkje er forordna gudstenestar i Fjellgardane. Dei forordna gudstenestane har Ryszard Gosciniak teke seg av – og også spela på orgellet når det har vore nødvendig!..

Soknerådet hadde i 2019 samarbeidsstillingar tilsvarende 0,67 årsverk..

Organist/kantor: Vi har samarbeid med Valle om organiststillinga og kan difor ha organist i 100% stilling – 50% på kvart av sokna. Henrik West hadde permisjon til hausten 2019, og Knut Olav Uppstad spela ved dei fleste kyrkjelege handlingane i Bykle kyrkje og i Fjellgardane kyrkje.

Samarbeidsstilling i prostiet – prostidiakon i Otredal

Stillinga er finansiert av sokneråda i Otredal prosti (ti sokn til saman i kommunane Vennesla, Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle) og statlege midlar. Bykle sokn sin del utgjer 15 prosent. Etter at Anna Heggland sluttar i stillinga i 2018, har Per Emanuelsen vore vikar med Bygland, Valle og Bykle som arbeidsområdet.

Fra nyttår 2020 er det oppretta eit nytt diakonifellesskap med Bygland, Valle og Bykle. Ein vil fortsatt ha godt diakonisamarbeid med dei andre sokna i prostiet, men samarbeidet er nå formalisert til 50% stilling med 16,67% på kvart av sokna.

Sokneprest, tilsett av bispedømerådet

Fra september 2018 har prost Gunnar Ellingsen vore fungerande sokneprest. Etter fleire utlysingar blei Kristine Borgen tilsatt som sokneprest i Valle og Bykle, og ho blei innsett ved gudstenesta den 1. september.

Dessutan har soknerådet inngått ein samarbeidsavtale med speidargruppa i Bykle – eit samarbeid som gjer at man i større grad skal bruke speidarane i systematisk trusopplæring.

Generelt

Samarbeidet med Valle fungerer bra, og noko av trusopplæringsplanen har blitt gjennomført. Ein reknar med at i løpet av våren 2020 er staben fulltalig, så kyrkja i Bykle kan fungere godt til nytte for folka i soknet.

3. Kyrkjelydsarbeid

Kvart år fyllast det ut kyrkjeleg årsstatistikk, som er med å danne grunnlag for nasjonale statistikkar. Dei kyrkjelege handlingane som dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferder ligg på eit stabilt nivå ut frå folkesamansettinga i Bykle.

Kyrkjelege handlingar:

År	Dåp	Konfirmasjon	Vigsel	Gravferd
2014	6	16	1	11
2015	5	9	3	6
2016	5	10	5	4
2017	8	7	6	3
2018	4	8	2	6
2019	5	9	4	6

Gudstenester:

Alt i alt blei det halde 34 gudstenester i Bykle sokn i 2019.

Besøkstal frå gudstenester ved påske og jul i Bykle:

Gudsteneste	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Skjærtorsdag	67	90	120	166	83	75	66	80	85	50	85	90
1.Påskedag	120	90	100	150	145	100	115	92	125	80	190*	178*
Julaftan	130	200	210	290	250	240	580*	472*	510*	565*	540*	550*

Gudsteneste	2015	2016	2017 B/F	2018 B/F	2019 B+F
Skjærtorsdag	86*	126*	60/75 = 135	34/41 =75	38+34 = 71
1.Påskedag	209*	172*	91/77 = 168	62/150/73 = 285	39 + 80 = 119
Julaftan	658*	578*	355/444 = 799	506 + 320 =826	460 + 355 =815

(Tal merka med stjerne gjeld både Bykle og Fjellgardane)

Besøkstal alle gudstenester 2011 - 2019 i Bykle sokn

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Bykle sokn	2198	2874	2662	2904	2378	2916	2788	2833	2629

Faste gudstenester og kyrkjelege arrangement er gjennomført i Bykle i 2019:

- Familiegudstenester
- Skulegudstenester
- Konfirmasjonsgudstenester og samtalegudsteneste med konfirmantane
- Helgemesse med minning av dei døde
- Ljosmesse/jolekonsert i adventstida, med deltaking av konfirmantane
- Høgtidsgudstenester (jol og påske)
- Gudsteneste på nasjonaldagen
- Friluftsgudstenester
- Gudsteneste for eldre
- Jolegudsteneste i Hovden grendehus

Soknerådet og andre friviljuge er kyrkjevertar og sørger for kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene.



Møte og samlingar:

Ut over gudstenestene organiserer soknerådet noko opplæringsarbeid og møteverksemid mynta på vaksne. Organisasjonane, særskilt Normisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM), har seks til åtte møtehelger/veker i året til saman. Både Normisjon og NML har møta sine i Bykle kyrkje. Det er også ein pinsekyrkjelyd i Bykle som har ein del møte.

Også i 2019 arrangerte søndagsskulen jolefest i grønnehuset på Hovden 5. joledag – der var 40 tilstades av bygdefolk og hyttebyklarar. Jolefesten i Bykle blei det ikkje noko av i 2019.

I Bykle er det to bibel/samtalegrupper i sving med regelmessige samlingar.

Kyrkjelyden sitt årsmøte for 2018 var i Bykle kyrkje etter gudstenesta sundag 3. mars 2019

Konsertar, musikkandaktar, musikkgudstenester med meir:

Organist/kantor Henrik West har hatt permisjon til hausten 2019. Men det blei arrangert fleire konsertar i soknerådets regi. Elles visast det til organisten si vedlagte årsmelding.

Born/unge:

Jamlege aktivitetar, der soknerådet bidreg i varierande grad:

- *Bykle KFUK-KFUM-speidarar.*
- *Bykle og Fjellgardane barnekor* har vore litt ute av drift i 2019, men kom i gang igjen seint på hausten. Koret syng på gudstenester og andre arrangement. Soknerådet utnemner 1-2 representantar i styret for Bykle barnekor, og kommunen lønar dirigent. I 2019 var det 18 medlemer, likt fordelt mellom Bykle og Hovden. Se eiga årsmelding.
- *Fjellgardane sundagsskule* og *Bykle sundagsskule*. Fjellgardane sundagsskule har hatt påskevandring og adventsfest. Det 5 betalande medlemar i alderen 4-12 år, men det møter fleire når me samlast. Sjå forøvrig eige årsmelding.



Bykle og Fjellgardane barnekor

Soknerådet sitt arbeid, som blir følgt opp av kyrkjestab og friviljuge: Sjukemelding og vakanse i soknepreststillinga og vikar i kyrkjeverjestillinga har gjort at noko er u gjort i 2019. Oppfylging av plan for trusopplæringa har vore ei utfordring med dei ressursane man har hatt til rådighet.

Tiltak som vart gjennomført i 2019:

- 4-årsbok til 4-åringar og 6-årsbok til 6-åringar saman med dokketeateret Kirkerottene

Både Tårnagentar og Lys Vaken måtte utgå, men står på programmet for 2020.

Konfirmantarbeidet

er eit satsingsområde for soknet. Soknepresten står for planlegging og det meste av gjennomføring. Sokneprest Tom Martin Berntsen byrja med konfirmantkullet, og då han sluttar overtok Prost Gunnar Ellingsen ansvaret. Konfirmanttida inneheld 10 samlingar spreidd ut over skuleåret. Våren 2019 var det 9 ungdomar som vart konfirmert

De ti 2020-konfirmantane – som alle er busett på hovden er godt i gang, og starta som vanleg med **KonFACTION**, som er ein konfirmantleir (i regi av KRIK) med rundt 1000 deltakrar i Bø i Telemark. Den nye soknepresten, Kristine Borgen fekk ein brå start på tenesta i Valle/Bykle då ho takka ja til å vera med på leir berre dagar etter ho ble utnemd. Leiren er obligatorisk og ein del av konfirmanttida. Soknerådet har også i 2019 dekt deltakaravgifta for konfirmantane. Foreldra og kyrkjeverjane er med i den praktiske gjennomføringa av leiren..

Soknerådet dekkjer også andre leiravgifter for born og ungdom som bur i Bykle. Formålet er at dei skal få trusstyrkjande opplevelingar og kunnskap i større samanhengar. Tilbodet kan med fordel synleggjeraast på heimeside og i Byklaren.

Diakoni:



Diakonen, Per Emanuelsen har vore ein sentral medarbeidar i middagsfellesskapet i Bykle kyrkje, der det har vore ca 40–50 innom på middagane.- den fyrste tysdagen i månaden. Dessuten var diakonen sentral på Diakoniens søndag, som var på allehelgensdag i år, og han har dessuten hatt andakter på Bykleheimen og samtaler og besøk i heimene igjennom året.

Røresjef Per med assistent Dag og steikesjef Kjell

Både soknepresten og organisten har også hatt jamleg andakt eller gudsteneste på Bykle alders- og sjukeheim.

Informasjonsarbeid:

Kyrkjelydsbladet ”Vegleiaren” har ikkje blitt gjeve ut i 2019. Det krev ressursar å lage bladet. Soknerådsleiarar i Valle og Bykle har tidlegare etterlyst frivillig engasjement (m.a. i Setesdølen) for å kunne halde fram med å gjeve ut bladet, men ein har ikkje lukkast med det.

Men har «kommuneavisa» Byklaren. Der kan ein lesa om ting som skal skje i kyrkja

Men kyrkja i Bykle har både heimeside og facebookside for dei som kan bruke data. Der finn ein kunngjeringar av gudstenester og andre arrangementer i kyrkja. Adressa er www.bykle.kyrkja.no. Facebook har blitt ein viktig kommunikasjonskanal. Kyrkja i Bykle og Valle har laga felles side, som har over 500 fylgjarar.

Misjonsprosjekt:

I 2013 inngjekk soknerådet samarbeidsavtale med Steffanusalliansen om å støtte deira arbeid i Egypt. Det er hovudsakleg ofringar frå gudstenester som har gått til dette. Maggie Gobran står bak eit stort arbeid blant koptarar på «søppelfjellet» i Kairo. Det handlar om å gje born og unge hjelp og støtte til utdanning, eit sosialt nettverk og ballast til å klare seg i framtida.

Barnehagar og heimebesøk til fattige familiarar står sentralt i arbeidet – som leia av «Mamma» Maggie Gobran. Med seg har ho ein talrik flokk av oppofrande medarbeidarar. I 2014 gikk Valle og Hylestad sokneråd også inn i same prosjekt. I 2019 blei om lag 4.500 kroner overført til Steffanusalliansen.



Pilegrimsvandring:

Det vart ikkje noko pilegrimsvandring i 2019, men diakonen planlegg pilegrimsvandring i ei eller anna form i 2020.

4. Kyrkjene

Kyrkjebygga er i god stand. Tenesteytingsavtalen med Bykle kommune, som tildels regulerer både drift og vedlikehald av både bygningane og kyrkjegarden ble gjennomgått og fornya i 2019, og samarbeidet mellom kommune og kyrkja må seiast å vere meget godt.

Det er framleis behov for eit større og betre kjøkken og noko større kyrkjerom i Fjellgardane kyrkje, og soknerådet vil fortsette arbeidet med den saka.

Kjøkenet i Bykle kyrkje er fornya. Sjukeheimen skulle bytte ut både komfyre og steikeomn, og me benytta anledninga til å kjøpe det for ein billig penge. Dei er nå installert på kjøkenet i kyrkja, og gir betre kokemogleheter enn tidlegare.

Inngångspartiet til kjellaren i kyrkja er også gjort noko med så inngangen ikkje blir sprerra av takras. Noko av steinmuren – som viste seg å vera ustabil og fallefarleg er delvis tatt bort, og det er lagt varmekablar på utsida bårerommet og garasjen så det skal vera mogeleg å komme te der også vintertid.

Bykle gamle kyrkje er ope delar av sommaren for turistar. Setesdalsmuseet IKS har gjennom Bykle kommune ansvar for omvising. I 2019 var kyrkja open i juli samt og noko i juni og august og Setesdalsmuseet tek også på seg omvising på førespurnad. Det var meir enn 2 000 turistar innom i 2019, og kulturkontoret i samarbeid med Setesdalsmuseet sto for omvisingane.

Det er dessutan etablert ein digital guide med video og tekst, som kan brukast via mobiltelefon ved Bykle gamle kyrkje (samarbeidsprosjekt Bykle sokn, Setesdal regionråd og Setesdal IKT). Sidan kyrkja har avgrensa opningstider er detta ein måte å guide turistar på, til alle tider av døgnet.

Guiden finn du og på internett: www.laguide.no/Bykle



Gamlekyrkja fyller 400 år i 2020

5. Kyrkjegardar

Bykle kommune har, gjennom tenesteytingsavtalen, ansvar for vedlikehald av kyrkjegardane. Det er god kapasitet på kyrkjegardane i soknet.

6. Økonomi

Etter kyrkjelova §15 får kyrkja det meste av midla sine frå kommunen. Noko kjem frå eigne inntektskjelder. Rekneskap for 2019 er avlagt, men enno ikkje revidert. Bykle sokneråd har eit årleg driftsbudsjett på om lag 1,96 millionar kroner. I tillegg kjem midlar til eingongsinvesteringar. Løyvinga frå Bykle kommune har dei siste åra omtent stått stille. I realiteten utgjer det ein nedgang, grunna prisstigning og lønnsauke. For 2020 går om lag 66% av tilskotet til løn.

Ein er nå ajour med innkreving av festeavgifter på kyrkjegarden, og det blir nå sendt ut rekning på kr. 1000,- i festeavgift for 10 år.

Vakansar dei siste åra har resultert i eit mindreforbruk, og soknerådet har fått bygd seg opp eit fond som kan brukas i tronge tider. Ein har bl.a. vedteke å bruka av fond for å måle både gamlekyrkja og Fjellgardane kyrkje til sumaren.

Frå 2019 fekk Bykle sokn 93.000 som skal brukast på trusopplæring.

Soknerådet har også noko inntekter på offer og kollekt i kyrkjene.

Ofringar (tal i heile tusen)	Totalt beløp ofringar (ordinære i kyrkjene)	Andel av ofring til eige arbeid	Andel av ofring til Misjonsprosjekt Stefanusalliansen	Fasteaksjon (Kirkens Nødhjelp)
2010	90.000		15.000	20.000
2011	66.000		6.000	24.000
2012	74.000	7.000	-	20.000
2013	79.000	9.000	-	21.000
2014	70.629	9.702	-	-
2015	64.595	26.426	25.385	10.432
2016	67.000	7.500	21.000	14.638
2017	108.000	13.943	39.557	14.460
2018	78.347	37.685	9.990	8.800
2019	48.494	10.820	4.500	0

7. Planar for 2020 og framover

Kyrkjelydsarbeid

- Arbeide for å rekruttere fleire friviljuge til leiararbeid i speidar, sundagsskule og trusopplæring generelt.
- Arbeide med å tilsette ny ungdomsarbeidar gjerne i samarbeid med Valle.
- Vurdere strategiprosess for korleis kyrkja skal auke oppslutning om gudstenester og arrangement
- Kommunen har bevilga 150 000 kroner til kyrkjejubileet i september. Ein komité arbeider med jubileet og det skal bl.a. kome eit festskrift i anledning jubileet.

Arbeid med kyrkjebygg og kyrkjegardar

Bykle gamle kyrkje har 400-års jubileum i 2020. Me vil difor sørge for at gamlekyrkja er i god stand til jubileet. Soknerådet har vedtatt å måle kyrkja

Dessutan fortsetter vi å arbeide med:

- Planlegge installasjon av varmestyring i kyrkjene
- Utarbeide framlegg til felles monument Bykle kyrkjegard
- Vurdere løysing for høgare gjerde rundt Bykle gamle kyrkje
- Vurdere kva som skal skje med Fjellgardane kyrkje

Kyrkjestab

2019 har vore eit unntaksår, men nå ser det ut som brikkene faller på plass. Ein må fortsatt arbeide for å få ein stabil stab og ein god fordeling av oppgåver mellom tilsette og friviljuge.

Organist Henrik West er tilbake i full stilling frå hausten 2019, men me må fortsatt arbeide med å få ungdomsarbeidar og kyrkjeverja tilbake i full stilling.

8. Takk

Det er mange som bør takkast for god innsats i kyrkjelyden i 2019. Bykle sokn er ein liten kyrkjelyd med tilsvarende liten stab. Mange har gjort ein god jobb på med forskjellige oppgåver i kyrkjelyden, og det skal dei ha takk for. Utan friviljug innsats gjeng det ikkje an å drive mykje arbeid i soknet.

Takk også til medlemmane i soknerådet for jobben dei har gjort i møte, ulike utval og andre oppgåver. Takk også for engasjement og innsats frå dei tilsette. Takk også til kyrkjeverja i Valle, Anne Ringstad for god hjelp, og Bykle kommune som velviljig stiller opp når det trengs.

For Bykle sokn

Else Gyro Rysstad,
Soknerådsleiar

Truls E. Thonhaugen
Kyrkjeverje

Vedlegg:

- | | |
|---|----------------|
| 1. Melding frå soknepresten | side 12 |
| 2. Melding organist Henrik West | side 13 |
| 3. Melding Prostidiakonen i Otredal | side 14 |
| 4. Melding frå Bykle barnekor | side 16 |
| 5. Melding Fjellgardane sundagsskule | side 17 |

Melding frå soknepresten

No har eg vore i Valle og Bykle i litt over seks månader. Det har vore seks flotte, spanande og krevjande månader. Eg er så takksam for at eg har vorte så godt teken imot, det set er umåteleg stor pris på. Å vere med å forkynne Guds ord på dei mange ulike måtane eg har høve til i mi stilling er inspirerande og lærerikt.

Det tek tid å verte kjend med korleis alt fungerer og er set saman, og det tek tid å bli kjent med folk. Eg skjøner at ein er ny ganske lenge i ei slik stilling. Men det tyder ikkje at eg kjenner meg som ein framand, her øvst i Setesdal, absolutt ikkje! Eg kjenner det er godt å vere her, eg har meiningsfulle oppgåver og eg møter mykje fine folk i mange ulike samanhengar! Eg lærer mykje av å vere med i soknerådet og soknerådets arbeidsutval. Det er fint vere med å diskutere og ta avgjersler om arbeidet i kyrkjane våre. Eg har og vorte kjend med kva det er å planlegge kyrkjejubileum – spanande og artig!

Pulsen i det eg gjer er på mange måtar gudstenesta. Dei gjer meg ein slagsannankvar uke-rytme, der den eine uka byr på ein del førebuingar til gudstenestane, og andakt på Heimen, som me har same veka. Eg byrjer å verte kjend med og sette og pris på dei ganske ulike kyrkjebygga me har. Dei har alle sine styrkjer, sin sjarm og sine utfordringar. Den same gudstenesta blir farga av der ho vert halde og dei som er til stades, og det er fint, tykkjer eg. Noko som eg brukar mykje tid og tankearbeit på, er konfirmantane. Det er så flott at dei kjem, og det er så viktig å møte dei på ein god måte, der dei er. Det har vore eit spanande år med konfirmantane, som eg og var så heldig å reise på leir med i juni, før eg tok til i stillinga som sokneprest. Det er flotte ungdommar som eg vonar har med seg både kunnskap og gode opplevingar frå konfirmasjonstida. Eg er og med på ulike trusopplæringstiltak, det er fint og lærerikt og noko eg vonar me vil fortsette å utvikle vidare.

Eg har desse månadane i det store og det heile fokusert på dei sentrale prestearppgåvene. Med tida vil eg og engasjere meg meir på andre område, men først må eg bli godt kjend. Det skal seiast at i mangt og mykje stiller eg mange spørsmål, sidan eg er så ny, og det er oftast Henrik, Truls og Sissa eg plagar med dei. Så tusen takk for tålmod, ikkje berre til Henrik, Truls og Sissa, men til dykk alle saman, for at de har tatt så godt imot meg.

Med helsing

Kristine Borgen, sokneprest

Årsmelding kyrkjemusikk i Bykle sokn 2020

Musikken er ein viktig reiskap i kyrkja sitt arbeid for barn, unge, vaksne og gamle. Song og musikk kan forkynna evangeliet på ein måte som når både hjerne og hjarte. Dette skjer når musikken ber fram Ordet, men det skjer òg i kraft av at musikken i seg sjølve er ein forkynning utan ord. Vår kyrkjes reformator Martin Luther satt musikken veldig høgt og hev vore sterkt medverkande til at musikken alltid hev hatt ein sentral plass i dei lutherske kyrkjesamfunn. Difor freister vi òg å halde denne tradisjonen i hevd i Bykle sokn!

Etter eit års permisjon kom organist Henrik West att til jobben som organist i Valle og Bykle i august 2020 og tok fatt på dei faste oppgåvene med gudstenester, gravferder, vigslar, speling på heimane, kor, konserter osv.

Når det gjeld korarbeid, er det to aktive kor i Bykle-Hovden som er knytt til kyrkja men som ikkje organisten hev noko direkte ansvar for. Dette gjeld vaksenkoret Bykle Songlag og Bykle og Fjellgardane barnekor.

Når det gjeld konserter, hev aktiviteten stort sett vorte vidareført som tidlegare år. Det har vore fire konserter i Valle og Hylestad, samt sju sommarkonserter som framleis er eit felles prosjekt med Valle og Hylestad sokn og mange sponsorar.

12. februar 2020

Henrik West

Organist i Bykle, Valle og Hylestad

Årsrapport fra prostidiakonvikaren i Øvre Otredal 2019

Innledning

Fra 1. januar – 31. august 2019 var jeg prostidiakonvikar i 30% i Valle og Bykle.

Bakgrunnen for forespørseren var at Anna Heggland sluttet i sin 100% stillingen som prostidiakon i hele prostiet fra 31.12.18. Samt at Helga Victoria Aas Johnsen begynte som prostidiakonvikar i 70% i Nedre del av prostiet fra 01.01.19.

Fra 1 september ble jeg spurt om å øke til 50%. Fra da av skulle også Bygland medregnes i Øvre del av Otredal prosti. Det sa jeg også ja til.

Jeg har i alle de år som jeg har hatt deltidsstilling som prostidiakon vært partallsuke-prostidiakon. I hovedsak fordi jeg de siste 25 år har hatt en for det meste 50% stilling i Kristiansand kommune. Denne har jeg stort sett utført i oddetallsuker.

Hva har skjedd

Å være prostidiakonvikar innebar at jeg var tilgjengelig for samtaler, oppfølging og ulike typer medvandring med de som måtte ønske fra 01.01.19. De områder som det er aktuelt å være tilgjengelig innen er fortsatt i hovedsak ensomhet, rus, psykisk helse, relasjonskonflikter og sorg.

Det innebærer at jeg gjenopptok kontakten med diakoniutvalgene i Valle og Bykle, og fra 01.09 også i Bygland. At jeg blir med på stabsmøter, stikker innom på kirkekontorene, samt jeg er innom i kommuneadministrasjonene for å hilse på noen av de ansatte, og da særlig ordførere og rådmenn. I tillegg har jeg tatt kontakt med ledelsene i de tre kommuners psyko-sosiale kriseteam. I løpet av året har jeg vært i oppdrag i samarbeid med to av teamene, og også vært med på et større debriefingsmøte.

Før sommeren, i en periode da prosten var fungerende sokneprest, dekket jeg de to bygdeheimene i Valle og Bykle med andakt og besøk ca. ei gang i måneden. Et sted det er godt å komme, og hvor jeg alltid føler meg velkommen og blir godt tatt imot. I samme periode hadde jeg også 2 begravelser, en i Valle og en i Bykle. Etter sommeren var jeg med ved innsettelsen av Kristine Borgen som ny sokneprest i Valle og Bykle. Jeg var også sammen med henne om en begravelse 14 dager etter innsettelsen. Da soknepresten i Bygland ble sykemeldt like etter jeg begynte der, ble jeg med i et samarbeid rundt andaktene på Byglandsheimen, og hadde fram til nyttår ansvaret for 4 slike andakter.

Diakoniutvalget i Valle har fortsatt den gode tradisjonen med temakvelder. En slik var jeg med på i mars, i Kyrkjestoga i Sæbyggjen, med temaet: «Har Kilden av Gabriel Scott noe å si mennesker i dag?». Ellers har også Valle kirkemiddager. Jeg hadde ansvar sammen med en voksen guttegjeng for pannekaker og gresskarsuppe 12. november. Var med på diakoniens dag i Hylestad 3 november, og ved 175 årsjubileet i Valle 1. desember.

Diakoniutvalget i Bykle starta for noen år siden opp med middagsservering i kirkekjelleren ca. 4 ganger i halvåret. Det har vært en suksess, og middagene har vært godt besøkt. Jeg har vært tilstede på de middagene som har vært arrangert etter at jeg begynte. 5. mars og 1. oktober var det guttas tur til å stå for meny og tillaging. Det ble pannekakedag, og jeg hadde et hovedansvar for pannekakerøre og tomatsuppe den 5. Den 1. ble

tomatsuppa bytta ut med gresskarsuppe. På allehelgens søndag 3. november markerte vi

diakoniens dag i Bykle kirke. Jeg pleier alltid å preke på diakonisøndagene.

Tradisjonen med Åpen kirke på sjømannskirkevis i Fjellgardane kirke har også fortsatt.

Foreløpig i år med 2 samlinger, en i mars og en i september.

Diakoniutvalget i Bygland har nok stort sett i 2019 vært et sovende utvalg. Men vi hadde et fint møte 14 november. To av de som kom hadde på forhånd sagt at de ønska å trekke seg. Men, Gunn Maren Valborgland Saaghus fortsetter som koordinator, og Ånund Eldhuset kom inn som representant fra soknerådet. På møtet la vi en plan for 2020.

Kirkestaben i Valle og Bykle var på stabstur til Reykjavik 17-19 september. Jeg fikk være med, og det ble en stor og flott opplevelse, og en god teamtur, sammen med nypresten Kristine. Jeg skrev en rapport fra turen som er tilgjengelig.

Det jeg gjør mest av

Er å gå på hjemmebesøk. Det å få lov til å besøke mennesker i ulike livsfaser synes jeg er et privilegium. Etter at jeg var prostidiakon i hele prostiet i 12 år fra 2002-2014 innebar det at jeg hadde opparbeidet mange kontakter. Det har derfor vært enkelt å komme tilbake og i gang. Og det er en like sterk og god opplevelse hver gang jeg opplever at jeg er hjertelig velkommen inn. Enten jeg kommer til et hus jeg har vært i tidligere, eller jeg kommer til nye folk. For å kunne nå ut til de som ønsker er jeg helt avhengig at noen hjelper til med å videreforsmidle slike behov. Og slike formidlere finnes!! Jeg har også hatt med meg nattverdkofferten på hjemmebesøk. Jeg opplever stor gjestfrihet, og stor åpenhet. I Valle har vi ei lite sorggruppe som har hatt 4 samlinger i år, og i Bykle var Team Valborg (Valborg Nomeland m/hjelpere) på kulturafeen i Bykle sitt 10 årsjubileum 27 november.

Hver uke i hele år har jeg sendt en ny refleksjon med diakonalt tilsnitt til Setesdølen. Disse fører iblant til at enkelte tar kontakt, og det blir en del trivelig respons.

De 6 første månedene overnattet jeg privat når jeg var på jobb. I sommer overtok vi en ny leilighet på Hovden, så nå bor jeg i eget losji når jeg er i området.

Retreatturer har jeg dradd på hvert år siden styret for prostidiakonisamarbeidet i Otredal påla meg å gjøre noe slikt i 2007. I 2019 var det Kristiansand kommune som betalte, men turen 2-9 januar 2020 til Riga, dekkes av Otredal prosti ved kirkevergen i Vennesla. Tusen takk.

En oppsummering – og veien videre

Så gikk 2019 veldig fort i år. Og 2020 bruker sikkert ikke lenger tid.

Det har vært fint å være tilbake, i år som prostidiakonvikar, selv om det ikke var i min tanke da jeg avsluttet min 3. prostidiakonstilling i Aust-Nedenes 1 august 2018. Men jeg har blitt møtt med positivitet og velvilje fra min nye arbeidsgiver, kirkeverge Sven Jørgen Sørensen, fra leder i styret prost Gunnar Ellingsen, fra soknerådene og diakoniutvalgene i Bykle, Valle og i Bygland. Hjertelig takk til dere alle sammen. For en diakonstilling kan aldri en diakon klare alene – det må være noen rundt til å komme med innspill, til å heie, til å utfordre.

Sammen er vi sterke, og visjonen for diakoni i Den norske kirke står vi sammen bak: **Guds kjærlighet til alle mennesker og alt det skapte, virkeligjort gjennom liv og tjeneste.**

Så er veien videre blitt slik at prostiet er blitt delt i 2 fra 01.01.20, Nedre og Øvre Otredal prosti. Og jeg har sagt ja til å fortsette i Øvre Otredal.

Per Emanuelsen, Riga 7 januar 2020

Årsmelding for 2019

Bykle og Fjellgardane barnekor

Målsetting og organisering:

Bykle og Fjellgardane barnekor har ein kristen føremålsparagraf. Koret har sitt eige styre og eigne vedtekter/statuttar.

På **årsmøtet** 28.mars var vi på Hovden grendehus og var 4 tilstades. I styret vart Reidun Flaten og Gro Merete Tveiten (ny kasserar), med Marcin Matysik som vara. Else Gyro har vore representant frå Bykle sokneråd. Dirigent for koret har vore Bjørg-Sissel Tveiten, som er løna av Bykle kommune gjennom kulturskulen.

Årsmøtet bestemte at sidan det såg ut til å verte lita songaktivitet så arrangerte dei ein kose-ettermiddag i Hovden badeland. Det vart torsdag 25.april og det var Ann-Torhild og Marcin Matysik som ordna. Det vart skikkeleg bading og pizza for ..born og ..vaksne.

Dirigenten sjukmeld

2019 har vore eit pjuskeleg år for koret. Dirigenten Bjørg-Sissel Tveiten vart sjukmeld i januar og kom først tilbake seinhaustes. Det vart gjort eit forsøk om to som arbeider i kyrkja kunne ha eit prosjekt om våren, men det vart ikkje noko av. Kultur og fritid klara heller ikkje å få tak i vikar for dirigenten.

Oversikt over koroppdrag 2019:

Det er øving kvar veke i SFO-tida, både i Bykle og på Hovden.

Sundag 1.des: Tenning av julegrana. Bykle samfunnshus

Sundag 8.des: Julekonsert/ljosmesse i Bykle kyrkje

Medlemer; Ut ifrå haustsemesteret 2019 var det:

18 medlemmar til saman:

9 medlemmer frå Hovden.

9 medlemmer frå Bykle og omegn.

Foreldrekontakt: Foreldra har fått informasjon om arrangement via sms frå Bjørg-Sissel.

Økonomi: Vi har pr 31.12.2019 kr 41 158,- på kontoen. Vi søkte om ein del pengar for 2019 for vi har hatt kontakt med gruppa SEVEN om eit helgeprosjekt i oktober. Men dei er veldig travle og vanskeleg å få avtala skikkeleg. Det vart då ikkje noko av, so vi får sjå kva 2020 kan vert til.

Vi takkar Gro Merete Tveiten for rekneskapsføring for koret og Rønnaug Torvik for revisorarbeid.

Hovden, 20022020,v/Else Gyro Rysstad

ÅRSMELDING

For



FJELLGARDANE SUNDAGSSKULE 2019

Dette året hadde me 5 betalande medlemer. Dei var i alderen 4-14 år. Me har også hatt innom 8 andre born på dei arrangementa me har hatt for sundagsskulen i år, saman med foreldre og grannar. Medlemene vert registrert i focusnet for Søndagsskolen Norge.

Hausten 2019 fekk me bokettersyn på rekneskapen vår og vart greitt godkjend. Det er Søndagsskolen Norge som sjekker mange rekneskap offisielt kvart år. Og i 2019 var det turen vår.

Me har ikkje hatt vanlege samlingar i år. Merete har hatt studie i Oslo og Else Gyro hadde fjernstudie og me hadde ikkje overskot til meir drift. Nokre born har spurt om det er sundagsskule, men ingen foreldre tek kontakt.

MEN me hadde **påskevandring** torsdag 11.april før palmesundag. Då møttest me ved Fjellgardane kyrkje kl. 1630 og hadde påskevandring med dramatisering av påskedagane før me åt pylser med mykje tilbehør. Etterpå var det konkurranse-natursti og premieutdeling. Dette var i samarbeid med speidarane, Bykle KFUK-KFUM. Her var me om lag 15 med smått og stort.

Adventssamling: Me gjorde som i fjar og hadde adventsfesten ein annan sundag enn den første. De vart 3.sundag i advent den 15.des i Fjellgardane kyrkje kl.16-18. Nokre hadde nok denne sundagen som handlehelg, men me vart ein god flokk. Det vart samling kring joleevangeliet, me pynta joletreet (som vert brukta til skule-og barnehage-gudstenesta, og jolekonserten med Inger Lise Stulien), så var det risgraut, saft, kaffe, mandariner og pepperkaker. På joleverkstaden laga borna jolekort og store jolekorger med mykje pynt på. Det vart ei flott familiesamling i førjolstida. Me var 15 (8 born, 7 vaksne).

Me er også med og arrangerer **juletrefesten**, sjølv om det eigentleg står i soknerådet sitt namn, eller gjer det. I år var det sundag 29.des/5.joledag. det var ein del plunder med grendehuset. Me fekk ikkje lov til å bruke joletreet som dei har ståande i foajeen. Det tykkjer me var merkjeleg og ikkje god sørvis. I år måtte me også rigge til bord og stolar i foajeen same dagen som festen skulle vere. Det vart difor slik at familien Egeland og Ryssta/Skinnarland rigga til frå kl.14, og so kom Anne Margrete Bjåen (soknerådsmedlem) frå kl.16. Me handla inn dagen før, og so var det fest mellom kl.1700 til ca.1900.

I år vart det ein god flokk på 42 med bygdefolk og hyttefjellgardingar. Me hadde nok nissegåver i år også. Ryszard Gosciniak spela el-piano og Jonas Egeland og Rauls Bergsons song ei jolesong for oss. Nypresten vår Kristine Borgen hadde andakt, historia om den gamle skomakaren. Det gjekk greitt med jolekaker, brus og kaffe. Kjøper noko ekstra kaker, for

mange tek ikkje med so veldig mykje. Stolleiken og twistleiken var veldig populære, og borna fekk lov å leike noko i gymsalen.

Det var mange ringar rundt joletreet og god song. Og nissen var spenstig som stilte opp på stutt varsel, so tusen takk til Torfinn Haugen som var samenisso. Og tusen takk til alle som var med og rydda etterpå, so det gjekk veldig greitt. Anne Margrete var kjøkkensjef.

Kontingensten er kr.50,- for å få tilskot frå Frifond. Alle medlemene må registrerast i focusnet/database via Søndagskolen Norge. Me kan også registrere dei som kjem innom ein eller nokre gonger og ikkje betaler.

I år har me vore i styret: Merete Egeland (kasserar og handle-inn-sjef) og Else Gyro Rysstad (leiar og ansvar for opplegg).

Helsing leiar Else Gyro Rysstad

Hovden, 19.feb 2020